



## Notat

Dato: 03.05.2016  
Arkivsak: 2016/2837-2  
Saksbehandlar: oydzien

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål vedk. minoritetsspråklege elevar

Fylkesrådmannen viser til møte i Fylkesutvalet 17.03.16 , RS 54/16 "Svar på spørsmål vedk. minoritetsspråklege elevar", der representanten Helge Nævdal stilte spørsmål om kvar det er planlagt innføringsklassar.

Sjølv om fylkeskommunen arbeider aktivt for å sikre god oversikt over målgruppa, vurderer Fylkesrådmannen det som krevjande å planlegge omfanget av innføringstilbod når behova endrar seg raskt. I klassesaka som vart handsama i desember, vart det til dømes vedteke å opprette innføringsklassar i Kvinnherad, Øystese og Voss, men førebels tal viser at det truleg ikkje vil bli behov for desse. Nytt av året er vedtak om at det skal opprettast eit innføringstilbod ved Fusa vgs. I tillegg vert talet på innføringsklassar ved Stord vgs auka til to klassar.

28.04.16 la fylkesrådmannen fram sak om justering av klassetilbodet (PS 47/2016) i Utval for opplæring og helse og bad om at fylkesdirektør opplæring vert gjeve fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar etter behov. Utval for opplæring og helse slutta seg til framlegget.

### Forsøk med kombinasjonsklassar

I tråd med informasjon gjeve i møte i OPHE 07.04.16, RS 18/16, er det framleis planar om å starte opp forsøk med kombinasjonsklassar. Formålet med tilbodet er først og fremst at minoritetsspråklege ungdomar mellom 16 og 20 år som har rett til grunnskuleopplæring, kan få tilbod om slik opplæring i ein vidaregåande skule. I Bergen kommune skal forsøket etter planen gjennomførast ved Fyllingsdalen vgs og organiserast som eit samarbeidsprosjekt mellom Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Det vert og arbeid med å få til eit forsøk frå hausten 2016 ved Askøy vgs i samarbeid med Askøy kommune. I tillegg vil fylkesrådmannen ta initiativ til dialog med skulefaglege ansvarlege i heile fylket for å undersøkje om det frå 2017 kan vere mogleg å ha på plass eit tilbod om kombinasjonsklassar i heile fylket.

Pr. 01.05.16 er følgjande tilbod planlagd:

NAMN SKULE	TILBOD	TAL KLASSAR
Bergen katedralskole	Innføringsklasse	2
Årstad vgs	Innføringsklasse	2
Åsane vgs	Innføringsklasse	1
Olsvikåsen vgs	Innføringsklasse	1
Stord vgs	Innføringsklasse	2
Odda vgs	Innføringsklasse	1
Fusa vgs	Innføringsklasse	1
Voss vgs	Innføringsklasse	1 (5 søkjarar pr.1.5. Usikker)
Kvinnherad vgs	Innføringsklasse	1 (1 søkjar pr.1.5. Svært usikker)
Øystese gymnas	Innføringsklasse	1 (1 søkjar pr.1.5. Svært usikker)
Fyllingsdalen vgs	Kombinasjonsklasse	Avtale skal skrivast med Bergen kommune for 2 klassar, der halvparten av elevane har rett til vg opplæring
Askøy vgs	Kombinasjonsklasse	Avtaleutkast snart klart med Askøy kommune for 1 klasse